

## Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Presentasjonar:

Dagleg leiar i Bergen og Omland Friluftsråd Åge Landro presenterte BOF sitt arbeid i fylket og samarbeidet med Rogaland fylke.

Styreleiar i Vestkystparken Jon Askeland orienterte om arbeidet i Vestkystparken.

Delt ut i møte:

Notat frå administrasjonen ved Sigrid h Aardal vedkomande spørsmål om habilitet frå Sigbjørn Framnes sett fram i møte i utvalet 10.05.2016.

Spørsmål frå medlemene:

**Geir Kjell Andersland** etterlyste svar på spørsmål i e-post om Hordaland fylkeskommune si rolle i Geopark-prosjektet i Sunnhordland.

Fylkesdirektør Bård Sandal orienterte, og vil koma attende med skriftleg svar til utvalet før sommaren.

Elles vil administrasjonen sjå til at utvalet får same referatsak (RS) som går til Fylkesutvalet om bruken av regionale utviklingsmidlar.

**Anita Garlid Johannessen** stilte spørsmål til kvifor møteprotokoll ikkje var å finna i sakspapira til det møtet der protokollen vart behandla og vedteken. Ho ønskjer at møteboka skal vere del av sakspapira og at møteboka vert å senda på e-post til medlemene så snart den ligg føre.

Fylkesdirektør Per Morten Ekerhovd tek saka vidare i administrasjonen og vil koma attende til saka til neste møte.